



Radøy kommune,  
Radøyvegen 1690,  
5936 MANGER

## **RADØY KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN**

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2014 og økonomiplan, vedteke i kommunestyremøte 5.desember 2013.

*Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.*

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommunestyret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45 tredje punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentlig gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Det er lagt opp til reduksjon i skatteøyret for kommunane frå 11,6 prosent i 2013 til 11,4 prosent i 2014.

### **Frie inntekter**

Kommunen har budsjettert med kr. 112.879.000,- i skatt på eige og inntekt for 2014.

I 2013 var det ein samla skatteauke for kommunane i landet på 5,7 %. Det er no rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2013 til 2014 med 3,7 %.

Kommunen sitt skattenivå i 2013 var 86,5 prosent av landsgjennomsnittet.

I rammeoverføring til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2014 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2014 tilsvarande 60 % av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 % av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarande 35 % av differansen mellom 90 prosent av landsgjennomsnittet og eige skattenivå.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, medrekna inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettert til kr. 258,3 mill.

Inntektsprognosen for 2014 er no oppdatert med endelege innbyggjartal pr. 01.01.2014 og innkomen skatt i 2013. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vere innbyggjartal pr. 01.01.2014. For innbyggjartilskot og aldersfordelinga i utgiftsutjamninga er grunnlaget innbyggjartal pr. 01.07.2013.

Dei budsjetterte frie inntektene er om lag kr. 650.000,- for høge i høve til den siste inntektsprognosen. Fylkesmannen legg til grunn at dei budsjetterte frie inntektene blir justert ned til eit realistisk nivå i samband med budsjettrevisjon seinast i juni månad.

Andre generelle statlege tilskot er budsjettert med om lag kr. 5,0 mill. Det består for ein stor del av integreringstilskot for flyktningar. I generelle tilskot inngår også kompensasjonstilskot etter Handlingsplanen for eldre, rentekompensasjon skulebygg m.m.

### **Eigedomsskatt**

Det er budsjettert med om lag kr. 11,5 mill. i eigedomsskatt for 2014. Innkomen eigedomsskatt i 2013 var om lag kr. 11,4 mill.

Eigedomsskatten er vidareført frå 2013 til 2014 med sju promille på verk og bruk og tre promille på bustader og fritidseigedomar. Det er lagt opp til ein liten inntektsauke frå 2013 til 2014 som følgje av nye bygg i 2013.

Realverdien av desse inntektene blir redusert år for år dersom dei berre blir vidareført på om lag same nominelle inntektsnivå. Det er ikkje lagt opp til å auka eigedomsskatteinntektene t.d. tilsvarande den generelle løns- og prisauken.

### **Løns- og prisauke**

Prisindikatoren for kommunesektoren for 2014 er i vedteke statsbudsjett 3,1 %. Pårekna lønsvekst inngår i denne med 3 ½ prosent. Løn tel knapt 2/3 av prisindikatoren medan resten er pårekna prisvekst på varer og tenester.

### **Renteinntekter og utbytte**

Renteinntekter og utbytte er inntektsført med til saman kr. 7.155.000,-. Av dette utgjær aksjeutbytte frå BKK kr. 5,9 mill., som er same nominelle beløp som i 2013 (0,74 prosent av kr. 800 mill.).

### **Avdrag**

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjuande ledd kan attståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstiga den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.

Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vere at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag 3 ½ - 4 % av lånegjelda (når formidlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med ). Fylkesmannen tilrår kommunane at dei ordinære avdraga minst er på dette nivået.

Det er budsjettert med kr. 8.354.000,- i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån).

Dei budsjetterte avdraga oppfyller det tilrådde minstenivået for ordinære avdrag og utgjær om lag 3,8 prosent av netto lånegjeld ved utgangen av 2013.

## **Driftsresultat**

Kommunelova § 46 punkt 6 legg til grunn at det blir budsjettert med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekkja renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar (inkl. inndekning av underskot).

Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærare det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatta. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær bli ført i investeringsrekneskapen.

Frå og med 2010 har det vore endring i korleis kommunane kan disponera momsrefusjon frå investeringar. Det har vore ein overgangsperiode frå 2010 og til og med 2013 med aukande grad av overføring av momskompensasjon til finansiering av investeringar. Frå budsjett- og rekneskapsåret 2014 skal heile kompensasjonen for meirverdiavgift av investeringar bli inntektsført direkte i investeringsrekneskapen.

Det er eit netto driftsunderskot i budsjettet med kr. 426.000,-. Underskotet er planlagt dekt med bruk av bundne fond. Det er sjølvkostfond for vatn og avlaup.

Det er tilrådd generelt at kommunane bør ha eit netto driftsoverskot i rekneskapen på minimum 3 % av driftsinntektene. Det er viktig for å kunne setje av midlar til å møta ei mellom- ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare. Netto driftsoverskot vil i 2014 generelt bli svekka for kommunane som følgje av at momskompensasjon knytt til investeringar no blir inntektsført direkte i investeringsrekneskapen i staden for i driftsrekneskapen.

Netto driftsresultat i budsjettet er svakt og er langt frå å oppfylle det tilrådde minstenivået.

I rekneskapen for 2013 er netto driftsresultat i underkant av kr. 2,6 mill. og utgjer berre 0,7 prosent av driftsinntektene. Resultatet bør sjåast i samanheng med at det for 2013 er inntektsført momskompensasjon frå investeringar i driftsrekneskapen, om lag kr. 4,1 mill. Korrigert for denne inntektsføringa i driftsrekneskapen er netto driftsresultat for 2013 negativt.

Kommunen har opparbeidd eit betydeleg akkumulert premieavvik for pensjon. Det er rekna med at det vil ha auka til godt over kr. 30 mill. ved utgangen av 2014. Det store premieavviket bidreg til svakare likviditet som påfører kommunen rentetap. Premieavviket er mellom- finansiert av ubrukte lånemidlar.

## **Investering, lånegjeld og kapitalutgifter**

I 2014 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr. 34,1 mill. Dei største investeringane i år er opprusting av vegen til Storsandvik, opprusting av velferdssenteret, utvida lokale til heimetenesta, brannbil, opprusting av kommunale bruer, samt investeringar innan vatn og avlaupssektoren.

Eigenkapitalinnskott i KLP (kr. 0,8 mill.) og bygdebok (kr. 1,4 mill.) blir i samsvar med regelverket finansierte utan bruk av lån.

Investeringane blir i hovudsak finansierte med bruk av lån og momskompensasjon. Bruk av lån kan bli fordelt mellom nye låneopptak, kr. 14,2 mill., og bruk av unyttta lånemidlar frå 2013, om lag kr. 15,0 mill.

Det er budsjettert med opptak av startlån kr. 3,0 mill. til vidare utlån.

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld pr. 31.12.2013 pr. innbyggjar for kommunane i fylket utanom Bergen til kr. 66.256,-. (kommunekassa - ikkje konsern). I dette talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna.

Det generelle gjeldsnivået for kommunane i landet har auka vesentleg, og nivået må bli vurdert som høgt. Kommunane samla i fylket utanom Bergen har eit gjeldsnivå som ligg høgare enn landsgjennomsnittet.

Kommunen si brutto lånegjeld ved utgangen av 2013 er om lag kr. 252,2 mill., eller kr. 50.055,- pr. innbyggjar. Det er rekna at brutto lånegjeld vil auka til om lag kr. 257 mill. ved utgangen av 2014.

Kommunen har framleis til ein viss grad eit moderat gjeldsnivå - gjeld målt pr. innbyggjar - samanlikna med gjennomsnittet av kommunane. På den andre sia har kommunen eit lågt skattenivå, slik at sjølve inntektsgrunnlaget for å ha gjeld er svakare enn for gjennomsnittet av kommunane. Svake netto driftsresultat syner at kommunen ikkje har økonomisk evne til å bere ein auke i gjelda. Med dei svake netto driftsresultata, er kommunen særleg sårbar for ein auke i sjølve rentenivået.

Det er på denne bakgrunnen viktig at kommunen ikkje aukar gjelda i dei komande åra ut over den auken som følgjer av budsjettet for i år. I økonomiplanen er det lagt opp til eit lågare nivå på investeringar og låneopptak i åra etter 2014. Det er viktig at denne reduksjonen i opplåninga blir gjennomført reelt.

### **Oppsummering**

Fylkesmannen legg til grunn at dei budsjetterte frie inntektene blir justert ned til eit realistisk nivå i samband med budsjettrevisjon seinast i juni månad.

Kommunen sine netto driftsresultat er svake, både i budsjett 2014 og rekneskap 2013. Netto driftsresultat i rekneskapen for 2013 blir negativt når vi korrigerer for momskompensasjon frå investeringar som er inntektsført i driftsrekneskapen.

Det er viktig at kommunen ikkje aukar gjelda i dei komande åra ut over den auken som følgjer av budsjettet for i år. I økonomiplanen er det lagt opp til eit lågare nivå på investeringar og låneopptak i åra etter 2014. Det er viktig at reduksjonen i opplåninga som er lagt til grunn i økonomiplanen blir gjennomført reelt.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld  
ass. fylkesmann

Radøy kommune  
v/einingsleiar Velferdssenteret  
Anne Berge Brattetaule  
5936 MANGER

Isdalstø, 21. mai 2014

**REVISJONSMELDING FOR BEBUAR- OG PASIENTREKNESKAPEN VED  
VELFERDSSENTERET MANGER FOR 2013.**

Vi har revidert bebuar- og pasientrekneskapen for 2013. Årsrekneskapane består av kassadagbok og kontoutskrift frå bank for kvar pasient. Årsrekneskapen er avgjeve av einingsleiar Anne Berge Brattetaule, som er ansvarleg for rekneskapane. Vår oppgåve er å sjå til at Velferdssenteret sin føring av rekneskap og formuesforvaltning er i samsvar med lovar og reglar.

Vi har utført revisjonen i samsvar med dei forskrifter og rundskriv som Helsedepartementet har fastsett med heimel i Lov om helsetenester i kommunar og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, her under revisjonsstandardar vedteke av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen for å oppnå tryggleik for at pasientrekneskapane ikkje inneheldt vesentleg feilinformasjon. Revisjonen omfattar kontroll av utvalte deler av materialet som underbyggjer informasjonen i rekneskapen og vurdering av dei nytta rekneskapsprinsipp, samt vurdering av innhaldet og presentasjonen i rekneskapane.

I den grad det følgjer av god kommunal revisjonsskikk, omfattar revisjonen også ei gjennomgåing av Velferdssenteret Manger sin økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll på området. Vi meiner at vår revisjon gjev eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Vi ynskjer å gjere merksam på to tilfelle av feiloverføringar frå pasientrekneskap til overformynderiet i Radøy. Desse er omtalt i særskild revisjonsuttale til dei berørte rekneskapa.

Vi meiner at

- Bebuar- og pasientrekneskapane er avgjeve i samsvar med lov og forskrift og gjev eit uttrykk for rekneskapane sine balanseverdier pr 31.12.2013 og for endringane i året
- leiinga har oppfylt sin plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av bebuar- og pasientrekneskapane.

  
Nordhordland Revisjon IKS  
Reidar Bjørsvik  
Revisjonssjef

Gjenpart til: Rådmannen  
Kontrollutvalet v/leiar  
Rekneskapsfører

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Kommunestyret	21.06.2012	040/12	LTA

<b>Avgjerslemynde:</b> Kommunestyret	<b>Arkiv:</b> K1-216	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Sakshandsamar:</b> Bent Gunnar Næss	<b>Objekt:</b>	12/1225

### PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	12.06.2012	Kontrollutvalet	Særutskrift fra møte i kontrollutvalet 12. juni 2012

**Vedlegg:** Overordna analyse (sendt på epost)

#### Saksutgreiing:

I følgje kommunelova § 77 pkt. 4 skal det gjennomførast forvaltningsrevisjon. I forskrift om kontrollutval står det i § 10 at det kontrollutalet skal utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon som kommunestyret vedtek. Kommunestyret kan gi fullmakt til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.

Kontrollutvalet hadde fått tilsendt ein overordna analyse for kommunen, med forslag til aktuelle område for forvaltningsrevisjon. Ut i frå dagens ressursituasjon, vert det antyda at kontrollutvalet kan prioritere 4 område for forvaltningsrevisjon i kommunestyreperioden.

Med bakgrunn i denne analysen var der følgjande forslag til område som kunne vere aktuelle for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgt opp?
- Vedtaksutforming -stettar dei formkrava i lov og regelverk? Har kommunen godt nok grunnlag når vedtak vert fatta? Korleis er kvalitetssikringa?
- Arkivtenesta: rutinar og organisering
- Status for kommunale planar – vurdering av prosess og måloppnåing
- Innkjøp – korleis er innkjøpsprosessen organisert i kommunen. Regelverk, rutinar, ansvar og rollar.
- Tenestetilbod til barn og unge med særskilte behov
- Kommunen som skuleeigar
- Skulefritidsordninga (SFO) – ressursbruk, omfang og kvalitet på tenesta
- KOSTRA – kvalitet på rapporteringa frå kommunen
- Miljøplanlegging i kommunen
- Økonomistyring (er sett på i perioden 2003 – 2007)
- Investeringsprosjekt – organisering, ansvar, prosjektstyring
- Barnehageområdet – korleis forvaltar og driftar kommunen dette tenesteområde
- Barnevern
- Korleis sikrar kommunen at dei får del i dei aktuelle øymerka tilskotta
- Korleis sikrar kommunen at dei får inn dei salsinntektene (kan vere foreldrebetaling SFO og barnehage, vatn og avløp) som dei har krav på

Formannskapet hadde i sitt møte torsdag 7. juni drøfta kva som kunne vere aktuelle forvaltningsrevisjonsprosjekt, og hadde følgjande tre forslag:

- NAV – ressursbruk, rutinar for:
  - oppfølging av flyktningar
  - rusproblematikk
  - sosialstønadmottakarar.
- Helsereforma, korleis tilpassar ein seg, og kor ligg økonomiske og organisatoriske utfordringar.
- Byggesak/plan, organisering m.m.

Kontrollutvalet diskuterte saka i møte og det vart m.a. peika på at i tillegg til dei føreslåtte prosjekta, kunne følgjande prosjekt vere aktuelle:

- Kommunen sitt førebyggjande arbeid og tiltak mot begrensning av skogbrann

### **Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret prioriterer følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Barnevern – ressursbruk og organisering
- Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgt opp?
- Byggesak/plan, organisering m.m.
- Innkjøp – korleis er innkjøpsprosessen organisert i kommunen. Regelverk, rutinar, ansvar og roller

Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å endre på prioriteringane og eventuelt velje andre prosjekt, dersom det skulle vere meir aktuelt.

## **21.06.2012 KOMMUNESTYRET**

Kenneth Taule Murberg (H) sette fram følgjande endringsframlegg med bakgrunn i formannskapet si drøfting av saka i møte 21. juni d.å.:

Kontrollutvalet sitt framlegg til forvaltningsrevisjon barnevern går ut til fordel for forvaltningsrevisjon NAV – ressursbruk, rutinar for oppfølging av flyktningar, rusproblematikk og sosialstønadmottakarar.

Kontrollutvalet sitt siste avsnitt (fullmaktsavsnittet) vert stroke.

Kommunestyret vedtok samrøystes kontrollutvalet si tilråding med den endringa som går fram av Kenneth Taule Murberg sitt endringsframlegg.

### **KS-040/12 VEDTAK:**

Kommunestyret prioriterer følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- NAV – ressursbruk og rutinar for oppfølging av flyktningar, rusproblematikk og sosialstønadmottakarar
- Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgt opp?
- Byggesak/plan, organisering m.m.
- Innkjøp – korleis er innkjøpsprosessen organisert i kommunen. Regelverk, rutinar, ansvar og roller